

Fra: Helle, Jan Tore (Jan.Helle@bergen.kommune.no)

Sendt: 13.10.2020 16:16:09

Til: Vestland fylkeskommune

Kopi: Lothe, Rune

Emne: 2020/77376-1 - Organisering og samarbeid mellom dei kommunale arkivinstitusjonane i Vestland fylke - vidare arbeid

Vedlegg:

Vi viser til brev av 08.09.2020 om organisering og samarbeid mellom dei kommunale arkivinstitusjonane i Vestland fylke - vidare samarbeid, dykkar ref. 2020/49456-2

Bergen byarkiv sluttar seg til at det vert utarbeidd ein forprosjektrapport for fylkestinget i desember der ulike strategiske vegval og konsekvensar vert tekne inn, som del av ei tilråding til løysing og vidare prosess.

I vår tilbakemelding her ønskjer vi å løfte fram nokre område det vil vere sentralt for oss å ta med inn i det vidare arbeidet. Vårt utgangspunkt er eit tiltak i Bergen kommune sin plan for arkiv, bibliotek og museum 2012-2021 (ABM-plan) om at det skal utgreiast tenester i interkommunalt samarbeid

Bergen kommune deltek ikkje som medlem i ei interkommunal teneste innan arkivområdet i dag, og vi er difor ikkje medeigar i eit interkommunalt selskap. Når det er opna for slik deltaking i ABM-plan er det viktig for oss å kunne gjere ei vurdering av deltaking i høve til ein tenestemodell og med ei heilskepeleg organisering av desse tenestene i regionen. Slik situasjonen er i dag med to slike tenester med forankring i dei opprinnelege geografiske inndelinga, og med til dels svært ulik tenestemodell er det førebels vanskeleg å ta stilling til slik deltaking.

Bergen byarkiv imøteser at det vert etablert ulike samarbeidsformer med utgangspunkt i behov for å løyse faglege oppgåver. Vi vil legge vekt på at samarbeid kan etablerast på områder som er karakteristiske for vår verksemd og der vi kan styrke kvarandre samt tenester til brukarane med felles innsats. I utgangspunktet er arkivarbeid både arbeidsintensivt og arealintensivt. Med dei endringane som skjer rundt oss med bruk av nye teknologiar er det også kompetanskrevjande på ein annan måte enn før. Bergen byarkiv ønskjer å basere det vidare samarbeidet på denne typen utfordringar.

Vi ønskjer også å drøfte korleis vi kan vidareutvikle det samarbeidet som allereie er etablert. For tida har vi eit avtalefesta samarbeid med IKA Hordaland og Vestland fylke der desse leiger areal i byarkivet sine lokaler i Hansaparken. Avtalen med IKA Hordaland er langvarig, medan avtalen med Vestland er tidsavgrensa. Byarkivet er i prosess for vidare disponering av areal i Hansaparken som mellom anna inkluderer opsjon på uinnreia areal tilsvarende 1600 kvm i uinnreia fjellanlegg. Vi ønskjer å spele inn og drøfte mogelegheiter for felles bruk av desse areala med IKA Hordaland og Vestland fylke.

Bergen byarkiv og Vestland fylke har interesser i stiftinga ArkiVest. ArkiVest arbeider med bevaring og tilgang til arkiv frå private bedrifter lag/organisasjonar og privatpersonar. I hovudsak frå Bergen og omegn men også frå Vestland. Nyleg vart stiftinga nemnd som ansvarleg for arkiv etter sjømatnæringa i Noreg i Arkivverket sin bevaringsplan for privatarkiv. I vedtektene for stiftinga har både Bergen byarkiv og Vestland fylke medlemar i styret. I vedtektene skal også arbeidet med privatarkiv skje i samarbeid med Vestland som fylkeskoordinerande ledd for privatarkiv. Bergen byarkiv ønsker eit vidare samarbeid mellom alle parter for å styrke arbeidet med privatarkiv og vi meiner at å styrke stiftinga kan være eit middel til dette.

Arkivsektoren arbeider for tida med å forbedre tenester gjennom auka brukarfokus og meir effektive arbeidsprosessar. Å ta i bruk ny teknologi er ein del av dette. Arkivsektoren er i den situasjon at vi skal forbedre oss med å konvertere og tilgjengeleggjere store mengder arkiv digitalt som ledd i vår eiga digitale transformasjon, og vi skal samstundes støtte tilsvarende digital transformasjon i forvaltninga. Dette krev både kapasitet og kompetanse på ein måte vi ikkje har sett før. Samarbeid om desse utfordringane meiner vi også vil vere sentrale i det vidare arbeidet

Vi ser fram til det vidare arbeidet med denne saka

mvh

Jan Tore Helle

Byarkivar

Bergen kommune, Bergen byarkiv

Postboks 7700 | 5020 BERGEN

Mob.: 92 20 34 56

www.bergen.kommune.no/byarkivet

Bergen kommune er forpliktet til å behandle alle dokumenter, også e-post, i samsvar med bestemmelsene i

offentlighetsloven og arkivlovgivning. Det betyr at inngående og utgående e-post kan bli gjenstand for offentlig innsyn dersom det er saksrelatert eller har verdi som dokumentasjon

Fra: Hovedpostmottak <Hovedpostmottak@bergen.kommune.no>

Sendt: onsdag 9. september 2020 14:23

Til: Postmottak Bergen byarkiv <Bergen.Byarkiv@bergen.kommune.no>

Emne: Organisering og samarbeid mellom dei kommunale arkivinstitusjonane i Vestland fylke - vidare arbeid